

<p>Eg blir irritert for at dei andre ikkje høyrer på mi meining.</p>	<p>Eg tenkjer at usamde er dumt, for det å bli usamd i ein klasse kan vere vanskeleg å ordne opp i.</p>
<p>Eg tenkjer at vi må finne ei løysing som passar begge.</p>	<p>Eg blir veldig sur.</p>
<p>Eg kan endre meining dersom det er ei god meining.</p>	<p>Eg tenkjer at dei andre ikkje har så mykje kunnskap om temaet.</p>
<p>Eg respektere meningar til dei andre, men min er betre.</p>	<p>Eg seier at eg ikkje er samd.</p>
<p>Eg byrjar å snakke litt i munnen på dei, blir litt sånn irriterande, og prøver berre få dei til å slutte å snakke.</p>	<p>Vi kan stemme over kven som vil og ikkje vil, men problemet er at begge vala blir galne uansett.</p>
<p>Eg tenkjer at vi må møtast på midten slik at alle blir fornøgde.</p>	<p>Eg viser respekt ved å høyre og sjå på dei.</p>
<p>Eg seier imot, men ikkje frekt.</p>	<p>Eg meiner fleirtalet bestemmer.</p>
<p>Eg seier tilbake, og grunngir kva som er bra.</p>	<p>Eg blir veldig irritert.</p>

<p>Eg blir sint inni meg, men vil diskutere om det.</p>	<p>Eg synest det er greitt, for vi må jo få meine det vi sjølv vil.</p>
<p>Eg lyttar til dei andre. Har dei andre meiningar må vi respektere det.</p>	<p>Eg meiner dei andre må skjerpe seg og bruke hjernen sin.</p>
<p>Eg vil prøve å overtyde den andre.</p>	<p>Eg er litt usikker egentleg.</p>
<p>Føler sånn: «OK, det er di meining»</p>	<p>Når nokon meiner det motsette av meg, seier eg imot dei heilt til dei meiner det same som meg.</p>
<p>Dersom dei andre lyttar til meg kan eg lytte til dei, elles lyttar eg ikkje.</p>	<p>Eg synest det er irriterande, og da kan det hende at eg blir irriterande mot dei også.</p>
<p>Det spørst kven eg er usamd med. Dersom det er vener eller familie da lyttar eg til dei, dersom det er nokon eg ikkje liker, da berre: ok no vil eg ikkje høyre meir.</p>	<p>Eg lyttar kanskje, men samstundes kan eg bli litt sånn at det er jo ikkje rett.</p>
<p>Det hender at eg skifter meining dersom eg trur eg skjønar noko, men ikkje gjorde det likevel.</p>	<p>Det kan jo hende at eg blir samd med den personen i staden for. Og så ombestemmer eg meg da.</p>
<p>Eg lar dei snakke ferdig først, og så seier eg dei imot.</p>	<p>Eg tenkjer at dei går sin veg og eg går min veg. Dei har si meining, og eg kan ikkje bestemme kva dei skal meine.</p>